



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
16.01.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/834 331.3  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Skatt på eige og inntekt pr. 31.desember 2014

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på eige og inntekt for kommunane i Hordaland pr. 31.desember 2014.

Skatteinngangen syner ein auke frå 2013 til 2014 på 2,0 prosent for Bergen kommune og 2,4 prosent for dei andre kommunane samla i fylket.

Innbetalt skatt i prosent av budsjett 2014 var 97,5 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 99,3 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

Det var ein skatteauke på berre 2,0 prosent frå 2013 til 2014 for kommunane samla i landet, som er lågare enn tidlegare pårekna.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*